



Vinje 25.03.20

Medlemar i Rauland Fjellstyre  
Varamedlemer i Rauland Fjellstyre

## MØTEBOK

Tidspunkt: Fredag 3 april

Stad: Epostmøte

**Desse møtte:**

Jarle Nordjordet, Halvor Fehn, Marit Kåsa, Tor Aage Dale, Ane Killingtveit

**Meldt forfall:** Ingen

**Andre til stades på møtet:**

Sveinung Olsnes, sekretær

Saker til styremøtet:

Sak 15/20: Reinsjakta 2020

*Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet*

Marit Jortveit/s/      Jarle Nordjordet/s/      Halvor Fehn/s/

Marit Kåsa/s/      Tor Aage Dale /s/      Ane Killingtveit/s/

## Sak 15/20: Reinsjakta 2020

### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing:**

Villreinutvalet har lagt fram forslag om 5000 i kvote for 2020. Kvoten er føreslege fordela på 2500 frie dyr og 2500 vaksne bukkar.

Villreinutvalet har pga koronasituasjonen ikkje gjennomført møte, men reknar i skrivande stund med å ha eit telefonommøte den 1 april. Signala frå utvalet er at dei kjem til å vedta kvote i tråd med forslaget som var ute på høyring.

Rauland Fjellstyre må vedta reglar for jakta i 2020. I sak 07/20 vedtok fjellstyret å utsetje dette til ein hadde opplysningar om kvotestorleiken. Sjølv om utvalet vil kome med eit vedtak den 1 april er det framleis mogeleg at det kan bli endra. Det er villreinnemda som formelt fastset kvoten. Blir det klagesaker kan det og dra ut i tid.

Sakshandsamar føreslår derfor at Rauland FS opnar for søknad på reinsjakt der ein legg til grunn forslaget som var ute på høyring. Blir det endringar så får ein justere dette før trekking og tilbod.

Dersom korttypene blir som i høyingsforslaget tilrår sakshandsamar at det vert lagt ut ein type kort for søknad på Inatur.no. Denne skal då heite fritt dyr/vaksen bukk. Ein føreslår då at prisen vert den same for både kortkategoriane og at dei som står fyrst på trekningslista får tildelt fritt dyr så langt det er kort til dette. Resten får vaksen bukk.

Fjellstyret har dei seiste åra hatt tilnærma like reglar for tildeling og gjennomføring av jakt og det har kome signal i tidlegare møte at dette også skal vidareførast. Det vert derfor lagt fram forslag om å vidareføre dei reglane som var i 2019.

### **Framlegg til vedtak:**

1. det opnast opp for sal av 10% av korta til utanbygds, både innkjøpte og eigne, men maksimalt til 10 utanbygds jegerar. Resten av korta tilbys innanbygds. Dersom alle innanbygds får tilbod og ein har att kort tilbyr ein alle innanbygds eit kort til etter trekkingslista. Dersom det likevel er att kort kan fjellstyret velje å tilby fleire kort til utanbygds, men med øvre grense 15 jegerar. Dette gjerast utan vidare vedtak, men etter diskusjon i styret.
2. Rauland FS vidarefører tidlegare avtale med Ulvik FS om samjakt mot overføring av kort.



3. Sekretær får fullmakt til å kjøpe kort av andre for vidaresal. Føresetnaden er at Fjellstyret tener på dette.
4. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Rauland JF som før.
5. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Berunuten Vest som før.
6. Rauland Fjellstyre ynskjer å fylge den jakttida som vert sett av Direktorat/nemnd.
7. Det opprettast ein kategori kort på Inatur.no som heiter Fritt dyr/vaksen bukk. Dei som står først på trekkingsslista får tildelt fritt dyr så langt det er slike kort og resten vaksen bukk.
8. blir det endringar i kortkategori får kvar jeger tildelt kort i fylgjande prioritert rekkefølge etter trekkingsslista: Fritt dyr, Vaksen bukk, Simle/ungdyr m/kalv, Simle/ungdyr, kalv
9. Rauland Fjellstyre vidarefører gratis kort tilsvarende verdien av eit simle/ungdyrkort til fyrstegongsjegerar.
10. Det opnast opp for innslepp av jegerar tilsvarende det ein hadde i 2019. ein person i fjellstyret tek hovudansvar for dette og planlegg for at det ikkje skal bli for stort jakttrykk.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova §§23 og 24

**Referat:**

Styret har gått gjennom saka og det har ikkje kome merknader utover at det er ynskjeleg med eit tillegg til punkt 10. Her skal det presiserast at styret har løpende dialog om kva for dato ein skal opne for innslepp av andre jegerar.

**Vedtak:**

1. det opnast opp for sal av 10% av korta til utanbygds, både innkjøpte og eigne, men maksimalt til 10 utanbygds jegerar. Resten av korta tilbys innanbygds. Dersom alle innanbygds får tilbod og ein har att kort tilbyr ein alle innanbygds eit kort til etter trekkingsslista. Dersom det likevel er att kort kan fjellstyret velje å tilby fleire kort til utanbygds, men med øvre grense 15 jegerar. Dette gjerast utan vidare vedtak, men etter diskusjon i styret.
2. Rauland FS vidarefører tidlegare avtale med Ulvik FS om samjakt mot overføring av kort.
3. Sekretær får fullmakt til å kjøpe kort av andre for vidaresal. Føresetnaden er at Fjellstyret tener på dette.
4. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Rauland JF som før.



5. Rauland FS ynskjer å vidareføre samjakt med Berunuten Vest som før.
6. Rauland Fjellstyre ynskjer å fylge den jakttida som vert sett av Direktorat/nemnd.
7. Det oppretta ein kategori kort på Inatur.no som heiter Fritt dyr/vaksen bukk. Dei som står fyrst på trekkingslista får tildelt fritt dyr så langt det er slike kort og resten vaksen bukk.
8. blir det endringar i kortkategori får kvar jeger tildelt kort i følgjande prioritert rekkefølge etter trekkingslista: Fritt dyr, Vaksen bukk, Simle/ungdyr m/kalv, Simle/ungdyr, kalv
9. Rauland Fjellstyre vidarefører gratis kort tilsvarende verdien av eit simle/ungdyrkort til fyrstegongsjegerar.
10. Det opnast opp for innslepp av jegerar tilsvarende det ein hadde i 2019. ein person i fjellstyret tek hovudansvar for dette og planlegg for at det ikkje skal bli for stort jakttrykk. Styret har løpende dialog om kva for dato det skal opnast opp for innslepp av andre jegerar.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova §§23 og 24

Samrøystes

